



Pressemelding 19. april 2021

Tre nye positive koronaprøver i Alver

Fredag 16. april fekk vi melding om eit nytt positivt koronasvar knytt til smitta ved Knarvik ungdomsskule.

- Vedkommande var nærkontakt til ein av dei som tidlegare har testa positivt og var derfor i karantene på testtidspunktet, fortel kommuneoverlege Terese Folgerø.

Smittesporinga viser at ingen av personane knytt til Knarvik ungdomsskule har blitt smitta på skulen, dei har blitt smitta i andre samanhengar.

- Elevar og lærarar i Alver legg ned ein utruleg god innsats kvar dag for å oppretthalde gode smittevernrutinar. Vi er glade for å sjå at smitteverntiltaka ved skulane våre har god effekt, seier Kristin Moe, kommunalsjef for oppvekst i Alver kommune.

Ingen kjent smittesamheng

Måndag 19. april kom to nye positive prøvesvar i Alver.

- Vi held på med smittesporing av desse no, og det er førebels ingen kjent samheng med smitta knytt til Knarvik ungdomsskule. Dei to personane var ikkje i karantene då prøvane blei tatt, men begge er no i isolasjon, seier Folgerø.